

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sigdal

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Sigdal og Eggedal

Oppskr. av: Andreas Mörch

Gard:

(adresse): Prestfoss

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. AM

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Enga låg innom jordesgardane, utslåttune låg utom. Ei attlege (-a -ur-une) har vörtil bruka för, og de e mange som sier de ennå. (Sigdal) De va ei attlege i Eggedal au. De e attlagt åker som har fått gro te me de~~ø~~ som ville gro der, hell som e tesådd me klöver og ~~timoti~~ timoti. Åkern e lagt att. "Je ske legge att detta stikkji." "Je har ikkje stor attlega i år." "Ho vart attlagt i fjor." "Denna ekra vart lagt att för tre år sea."

Ei ekre måtte vara plögd. Ekra e delar tå jore der de ~~veks~~ veks gras: Gamle-ekra, Lang-ekra, Fille-ekra, Smiuekra. Ekra e laga etter lenne, de kan vara skaugen som går i mot, ein bekk, tone' hell mot ein utgare, ein grannegare, ei gröft hell ein veig. De e faste ekrenamn, så om de e åker der nå, så e de Smiuekra för de. "De e åker på Smiuekra i år."

Eng er mindre nytta her, det er helst gras. Av dei nedskrivne stadnamna frå gardane i Sigdal og Eggedal (1928), er det mest ikkje eng, men ekre. Det heiter : ei fin ekre, tunn ekre, skabbeekre, grase står fint, de e vent^t gras, grase står fint og vent, frodi gras, jisti gras, tunt gras, stratagras, skabbegras, repagras, raskegras, hevdegras, ugras, denna døla e så ugrasut, de e mest ikkje gras, de e ugras.

Høy vart lite nytta för, det var för: goför, hevdeför, gveinför, skrinnför, fjellför, setreför, feför, hesteför, saueför, å kjöre för, ha nok för, dvs: ha nok høy. Foring var samnamnet for høy, halm og dels mjöl. Ta me foring te hesten, dvs: høy, hakkels, mjöl og havre, men ta me för te hesten, var å ta med seg høy. Det er det same nå både i Sigdal og Eggedal.

Utom ekrune va de mikkji raskeslått, hakkeslått og stuttörvslått e de mest tå oppi hos uss. (Knut Nyhus, Eggedal)

Langörvslått vart de i dælane, etter bekkar og ekrekantar, men der de va för steinute, måtte'n nok fint ta te stuttörven, og der de vart för ille, bruka vi sjirua au. Utslåtta kunne vara grasingland, (så i Eggedal) Gjeterane hadde å passe buskapen så'n ikkje kom borj grasingane. Döm snakka om fint grasingland. I skaugbanne åvom Haglebu e Smegrasinga, oppi Grasinga sier vi helst nå.

Den måtte döm gjete för om sammårn. De va stuttörvslätte, hell döm bruka sjirua, så döm skar grase i grasinga me sjiru. Langörvslätte i utmarka va de vel ikkje noko tå heroppi, så vitt je veit. (Sigdal og Eggedal). De va på mirane da, nå'röm slo störr og mirgras. Der va're helst langörvslätte, og så setrevöllane, men döm va nå inngjert. Så nå'röm grasa i skaugen, va're stuttörven og sjirua döm bruka. (K. Nyhus, Jöran Vika 1928, Ingebjörg Björkerud m.fl. og AM.)

2. Når ein tek unna setervollane, var det ikkje utslätter som vart rydda her, ikkje så langt ein veit. Den tida dei dreiv med å brenne bråtar, vart det sett gjerde kring, dei slo det som voks der i to år etter at åkeråret var til ende, men så vart gardane rivne og bråtan voks til med skog. Det var loven. Men etter jordeskantane vart det rydda opp hvis det var blitt for grov rin-

ning. Små rinning gjekk med i slåtta, den grøvste pella vi tor, men de meste vart me, för slo'n hvert år, så hölli'n rinningen unna. Men han hadde lett för å eka se innover, og da vart de å ru'n ne. De vart helst i håbælln og utover etter slåttan vess'n sku ha lauve'.

Sigdal: å ru ein running, röja småskaug, ru ~~småskaug~~ ^{småskaug}

(det skifter, men uten faste grenser) det kan heite:

å röja ein running, (Prestfoss) ru ein running (Båsheim)

ru (-r, dde, dd) ein running (Kirkebygda, Eggedal), rö ein

rönning (Ves^tbygda, Eggedal) "Han la te å ru ne skaugen."

(Sigdal og Eggedal) " Han har rekti röja marka si!" (Sigd.)

Nå'n tok lauve', enten ein kjerva, hakkelauva hell rispa,

vart de nokko småkvist og tråss att, bar og stratar, de

la'n i ei köss, ein laga köss, kössa vart stor. (Sigdal

nå, för sa folk kös her og.) I Eggedal legg döm kös,

store kösir, og driv me kösabrenning, i Sigdal er det

kössabrenning. Difor heiter ein plass under Sund i Sigdal

Kössa, men i Eggedal er det Bekkjekösa, Liukösa.

Kössine låg vintern over og vart brante så snart döm va

törre om vårn. Döm sådde rug hell havre i kössabåttane,

ein trengte ikkje ha an' mökk på, åska hevda.

Stein låg i för de meste i hakkeslåttan, etter reinune

og joreskantane, utom ekrüne. Men de finns stellur der

döm har velta tor stein i hakkeslåttane au. (Egg : ei

hakkeslåtte -a, -ur, -une, Sigd: ein hakkeslått ell. ei

hakkeslåtte.) Ein tok jent og velta tor dei steinane

ein rådde me, va'röm store, kunne'n grava 'röm ne, ein

grov unna jora på den eine sia og grov et höl, så velta

en stein ^{'n} sta og bredde jora over. Men de e bare så vitt

je har sett at de har vöri jort. (K. Nyhus 1954).

I enga måtte'n nå brite opp dei steinane ein rådde me

nå'n plögde. De va å ha spa'n og greve ligganes för en' ^{ta}

4
pløgsla, og nå'n kom på ein stein i förra, va're å gå
attende etter reskapen og få opp stein. Va're jölpt te're,
va vi to nå vi plögde, så ein hadde å ta opp stein. De
va jamt nok å ta tå. Grov stein i ekrune grov vi ne.

(K.Nyhus og andre, Eggedal.)

3. Måsån plögde döm ner, da vart'n dövdt på så'n råtne
ner. Hime på Åby sådde vi ut höyma så de sku bli no tel
gras da, ja han far kjøfte grasfrö au, men itte mye.

(Hans Åby, bonde nedre Sigdal, 1864/1949)

Måsåvöksne engir vart snudd, men bori raskeslåtta vart
de ikkje jort nokko. (K.Nyhus, Eggedal.)

(Sogneselskabet for Sigdal og Eggedal ~~ble~~^{vart} stifta i 1862.

Alt i 1863 tinga böndene, gjennom dette, 292 pund timotei,
292 pund rauklöver, 110 pund alsikeklöver, 37 pund kvit-
klöver. Det er difor uråd nå å få greie på bruk av gras-
frö ~~anna~~ enn gjennom skrivne kjelder.) (Sml. liste 14, pkt. 4)

4. Döm grov itte stort i den tia, döm lat de gå. Ja, döm
hadde non åpne vreiter i myrkantar og sån. Je veit i Inge-
bu er'e grövi åpne vreiter mellom teigane, de e så rå-
lent der, slekk har de vöri de je mins, ja i Flaget au.

(Hans Åby, n. Sigdal, 1945)

Alt tidleg på 1700talet er det nemnt om etter måten store
gröftingstiltak, såleis fleire hundre famne gröft både
på Nes i n. Sigdal og Reistad i m. Sigdal. Men det ligg
vel utom spm. her,

Vatning er det drive lite med her, men i Eggedal har det
~~værdig~~ vore litt. " Så som heime hos mei i Ellestru' e
de merkur etter vatning frå gammalt. Der hadde döm grövi
bekken så langt inni jennom jore som döm kom, så va're
lagt rennur neover ekrune der döm rakk te. De jölte nok,
men döm sa de at döm kunne ikkje vatne lengen på samre
stella ellså vart de surt. Nå i dei seinare åra e de flei-
re som har prøva se me vatning tå bekkane. (K.Nyhus, 54.)

"Å gammalt de e å hevde oppå, e vel urå å sei, de har döm da jort så lengen je veit tå. Döm kjört ut mökka om hösten og sprett'o utover. Om vörn,nå're vart bert,mölte döm 'o utover. Ho måtte fröse,för da vart'o så meir.Döm hadde ei treklubbe,ei mökjaklubbe, ell ei jarnrive döm mölt'o me, för döm måtte få'o små, döm sku nå slå over mekjatröa, da kunne de ikkje vara grov klomp. Ein måtte raka så ~~försekti~~ försekti over mekjatröa, ellså fekk'n me se mökka. Detta å hevde oppå driv döm nå me nå au. De va på setrenn detta, men vi hadde au mekjatrö heime i Bjertnes. (I går, 11.4.1954,kom eg framom Bjertnes i Eggedal, der tok snöen til å gå av etter vegkanten, på ekra låg mökka breidd utover, ganske tjukt, i skråbakken.AM.) (Ingebjörg Björkerud, 1861/1950,-fortalt 1949).

På den vestre Bölesgarden i Vestbygda i Eggedal er Robert Böle, han fortalte i 1949:

" Je har det meste tå mökka oppå, litte har je te dei åkrenn je har, men de meste har je på ekrune, för de blir så bra gras etter.Norpå mirane blir de äller könn. Der har je oppe og har grönköⁿⁿ ett år, je sår i timoti og hevdar oppå. Best e de å få på mökka om hösten. Da tælar'o om vintern. Om vörn kjörer je over me ei slödd,-to kubbar söm de e bårå höl i og sett i pinnar jennom, je kan jenne stå på slödda, og da mel je mökka så små söm snus.(R.Böle.) *Det er dei som lagar slödda av fire kubbar, omk. 120 cm lange, står på og kjører.(AM).*

Hestejösle e fin å ha på graslanne,og ikkje så svær på åkern. Sau- og jeitemökka va go å ha på ekrune, de va krafti mökk. Men vi bruka nok all slags mökk etter dira te å hevde oppå me. (K.Nyhus, Ingebjörg Bjertnes.)

"Der döm/ikkje hadde slödd, bruka döm å kjöre ei granbuske te å mala mökka me."(Jupsjöen 1942,oppl.v. Lars

6.

O.Tveiten.)

6. Ho Ingebjörg Björkerud kalla slikt eit stykke for mekjatröa. Det ordet er gått ut i Eggedal nå. Dei snakkar om å hevde oppå, ei hevdeekre, der får ein hevdefor. "De va hevdefor de ein fekk tå jösla ekrur." (K.Nyhus.) "Men vess ikkje mökka va slödda, måtte'n rekti bera ljån, og så vondt å raka; Nå'n fekk alt detta me, måtte'n prøve å få de otor att." (K.Nyhus.)

7. De va jent så at de hella unna frå fjös og stall, de vart hevdedrag neover. I Ellestru e de merkur etter vreitir frå mökkakoken bakom fjöse, små gröftir som lanne fölte nå 're regna hell i vårflommen. Slekk fekk döm de ~~ut~~ utover. Ja, je har sjöl tikji opp slekke vreitir i Ellestru. (Knut Nyhus).

8. Enga vart mest muli jösla om ^h ~~v~~östen, men det kunne henne at de vart vårjösling, men da va're meire på vona om 'n fekk mölt'o sunn. De va best nå'o hadde vöri tæla etter'o va spre~~tt~~tt. (Om gjödelspreiing er det greidd ut under pkt.6 i liste 14, våronn.) Sparokoa som döm lesste mökk me, va ikkje allti skodd me jarnkant frampå, men va tå bare tre. (K.Nyhus.) Mökka vart kjört på slea, ho va jent grövi enten ve koken hell ve haugen på ekra. Men de va ikkje alle som grov mökka te å hevde oppå me, ho fraus så meir at'o va lett å få utover me slödda. Thormod

Skatvedt : Sigdal og Eggedal, (1914) s.44 : " For et halvt hundrede aar siden var man daarlig utrustet med haandredskaper i jordbruket. Man stod og læsset gjödsel med ~~masamok~~

"sparoko"-det var noget som tok paa kræfterne at anvende ~~na~~ den til det bruk og sörgelig smaat gik det. Billedet viser en "sparoko" opbevart paa Vik. Det kan se nok saa ~~masamok~~ uväsentlig ut, men allikevel var det et uhyre stort fremskridt i jordbruket, da det til nævnte bruk usle redskap

7
blev ombyttet med gjödselgrepen. De første grep var haand-
smidde og hadde tre flate tjunder. Grepen, som billedet vi-
ser, skal være en av de ~~münste~~ aller første som kom i
bruk i Sigdal. Den ble anskaffet av Kristen O. Reistad
for ca. 50 aar siden og er smidd av Ole Kringstad. "

9. Beiting om våren på eng og setervollar var det van-
lege för." Döm bette om vårn för, döm slefte ratt de
va bart, så ekrune va snaugnagi nå döm reste på setrane.
Sauen og hesten bette snött. Dira hadde gått tå're, me
den foringa som va da, men ekrune vart snaue og slåtten
sein. Döm bette heile jorune, men va're blött, måtte döm
gjete för attlega ellså tro döm opp för mikkji. På 're
siste döm bette jorune om vårn, slapp ikkje dira te over
alt, döm gjette för tesåningane, og te slutt va're bare
sauine som fekk gå og gnaga etter joreskantane og på
skabbeekrone, döm vart gjett der. "(K.Nyhus.)

10. Som nemnt ovafor her, er det slutt med beitinga på
på jordune om våren." Ja, så litt etter litt vart de sm
slutt me vårbeitinga her i Sigdøl utover etter 1900."

"Oppi hos oss va're nok dei som dreiv me vårbeiting
på jorune te etter 1920, men de va ikkje mange att da.
Höstbeiting må'n nå drive me, de går ikkje an å lat hoa
rötne ne, de blir så mikkji daufönn etter at de mest
ikkje e å få sli, og så blir de så mikkji ratri i fore
tå daufönna. De e best nå'n får biti tå de gröfste om
hösten. Ploglanne, de som ske pleias, blir nå bett snött,
kuine fist, så sau og hest etter. Da gjæler'n inn stikkji,
de ikkje stunnir te å gjete nå!" (K.Nyhus, Eggedal.)

11. I övre Sigdal og Eggedal : slå mökk,
i nedre Sigdal : slö mökk, de va vårarbi, så snart
'n kunne komma utpå . Vi va ute og banka mökkarukur,
helst me ei rive. Ein måtte passe tia me'röm va meire.
Vart döm rekti solstekte og seige, va're jamt 'n måtte

bera döm tå!"(K.Nyhus, Ingebjörg Björkerud.) Om dei nytta mökjaklubba, som ho Ingebjörg Björkerud nemnte om, til å slå mökk med, fekk eg ikkje spurt henne etter. Det er ingen her som kan fortelja om det nå. (Men eg såg det, så seint som i 1910 at dei nytta fröhakka til å slå mökk med. (AM).)

12. Krossgarden i Eggedal: "Nest ne'i jore, ne'i mot gamleveigen, e Krössgardshusa. De va ikkje plass, så de har ikkje vöri husmann der, men de va et fjös. Der va're ein deilevegg tvertover så're vart et rom för en' tå fjöse, de va te fölka. Der va'röm mean döm va ni' der og ga opp fore tå de neste jore. De va et lite stabbur der au. Så slapp döm å kjöre fore opp de tonge jore te Krössgarn og mökka neatt. Mökka der vart lagt på ekrune. De ser ut te å vara ei gammal tuft." (Björn og Torstein Korsgård 1940)

I Krossgarden vart det mest på nomadisk vis :

1. Inneforing om vinteren, frå ved juletider eller så.
2. Beite på jordet om våren med kyrne på heimefjöset.
3. Hamnehaga med sommarfjös.
4. Heimseter, beita först vollen, deretter skogshamn.
5. Langseter. Fjellbeite .
6. Heimseter, beita vollen til slutt.
7. Beita jordet om hösten, kyrne helst i sommarfjöset.
8. Ga opp foringa nedi Krössgardshusa, deretter til heimefjöset.

"Sommarfjösa va helst ikkje lenger unna jorune enn mökka vart kjört fram på jore. Je veit förressen ikkje tå utslåttur som vart jösla. För i bråtane vart de sli så lengen de va nokko å slå, sea latt döm garane detta ne."

(Sigdal.)

Erik Rolfsrud, Sigdal, bonde, 75 år: "De va to sammårfjös her te Rölsru. Nå kuine kom vestante, hadde döm inn i de vestre, kom döm neante, i de östre. Dessa fjösa låg i utkantane tå jore. De e tuftir etter begge sammårfjösa ennå."

13. Ei hegne - a- ur- une . "De einaste je veit om hegnur,

e at'n Per Sole sette opp ei hegne på Soles^{setra}etra, vel i 1900. De va te å ha raskekröttera i, kælvar og kvigur. De hadde vöri ei hegne der för au, Han klövde sjive og laga sjigare i hegna. Ho va vel så omtrent 8x6 meter i firkant. Ho sto nå på samma stella stött, så vitt je veit. I den hegna vart dira drivi inni om kvelln, ho sto vel te omkring 1910. (K.Nyhus.)

"Her på Buinsetra e de sju setrar nå, te Bjönnru, Prestgarn, Pletan, Skallan, Hamre, Hölleru og Krössgarn, men de e åtte völlar. Den åttene e Dritarvölln. Den hörte Flatin te, men de va ei avtale at dei andre sju sku bruke Dritarvölln (Flatinsetra) ett år hver etter tur, mot at Flatin fekk hevda te völln sin. Sålessen fekk Flatin hevda völln hvert år uten å liggi der me krötter sjölve. Nå e're utsjifta, ^{Fla}Flatinbua vart flött over på Flatineige på den andre sia tå elva. Döm källa'n Dritarvölln, ja, de va vel et namn dei andre setreeigrane hadde sett på'n. (E.Engebretsen, Helje Medalen 1936). 14 -18. Ukjent her.

19. Det einaste som kan nemnast om dette, er at vi har ordet tre. Ein plass under Berget i Eggedal heitte Berjetre. Kva slags tre det har vore, kjenner eg ikkje til nå. Eit inngjerdt stykke er eit tre nå, vi kan ha grisetre jamsides grisehuset, fålåtref som folungen får vera i ute. Medan dei sende hestane-unghestane - til Geitevassdalen og samla dei her i Sigdal utover frå omkr. 1900, hadde dei ei hegne på Hauganlandet ved Prestfoss der dei slepte hestane saman frå heile distriktet her, den hegna vart aldri kalla anna enn Fålåtre. Men hönene går i garde, ikkje tre. Derimot hadde dei på Flågan i Sigdal utover kring 1908 ei avgjerdt ro i jor-det der dei hadde sauene om natta når dei gjette på

10.
jordet om våren, det var sauetre. (AM).

20. "Setervöllane va innjert, og vart sli. Döm vart hevda ~~oppå~~ oppå, og de va ikkje lite för döm kjörte heim frå setrane för, men nå e de mest slutt. De löner se ikkje, bare kjöringa heim om vintern blir för dir. Men dei vällane som de e jert om og blir sli, blir hevda oppå. Döm sjiftar röftur me jöslinga, et röfte om åre. Döm reknar meste före andre åre etter döm har hevda. Döm ville ha de te de at kröttera kom se i mjölka nå'röm fekk setreföre om vintern. Ja, han far hölt nå på de ennå.

Somme tå dei vällane som blir sli nå, blir jösle me kunstjössel, döm har bint me de dei siste åra. Og de veks godt, og godt för blir de au." (Knut Nyhus, m.fl., Eggedal).

21. Oska tok dei vel vare på, både heime og på setra. "Ho vart sprett utover på ekrune, vi passa nok så væl på oska." (Ingebjörg Björkerud.) (Sml. Skredsvigs novelle "Truls Fönningⁿ og bukken", der Truls hadde "fosfat" (oske med urin i) med heim frå Grunntjenn etter ~~hann~~ lunninga om hösten. Björn Omnan, modellen til Truls Fönningⁿ, fortalte meg om denne fosfaten, "döm voks så gått tåflane tå'n." (AM).

Beinmjöl var i bruk her alt kring 1860-som gjödsel, men det som har med kustgjödsel å gjera, ligg vel ut-om her. -